

# Årsmelding 2010



## Rektor si innleiing

**Som vitenskapleg høgskule har NIH stabile kjerneoppgåver; studiar, forskning og formidling. Fagprofilen er utprega tverr- og fleirfagleg, og idrettsforståinga er brei.**

På NIH studerer vi organisert idrett, kroppsoving, dans, friluftsliv, mosjon og trening i alle former. Vi forsker med perspektiv fra naturvitenskap, samfunnsvitenskap, humaniora og medisin. Studieporteføljen er omfattande med fem bachelorløp, fire årsstudiar og fire masterprogram.

For NIH har 2010 vore eit innhaldsrikt år. I vårsemesteret gjennomførte vi ein prosess med ny strategisk plan som skal gjelde for 2011-2015. Planen verserte i to utkast og to høyringsrundar før han vart vedteken av styremøte i august. Prioriteringane er klare. Høgskulen skal styrke kvalitet, men ikkje omfang i lågare grads studiar. Eventuell auking i studenttal vil kome på masternivå. Når det gjeld forskning, skal høgskulen prioritere trening og prestasjonsutvikling i idrett, tilhøvet mellom fysisk aktivitet og helse i befolkninga og kroppsoving og fysisk aktivitet i skulen. Organisatorisk skal det vere kontinuerleg og systematisk arbeid med

rekruttering og arbeidsmiljø. Når det gjeld infrastruktur og anlegg, er målet for perioden klart: I 2015 skal NIH framstå i rehabilitert drakt.

Søkartala for 2010 var gode, og gjennomstrøyminga er tilfredsstillande. Det er gledeleg at over 90 % av studentane avla planlagte studiepoeng, og at gjennomstrøyminga på masterstudiet er stabilt høg. Høgskulen har i tillegg lagt inn nye ressursar for å styrke internasjonalisering av studiane. Vi ser allereie resultat ved at fleire av våre studentar reiser ut og fleire utanlandske studentar vel NIH.

Forskingsmessig har 2010 vore eit svært godt år. NIH er forskingsintensiv og blant dei mest produktive institusjonane når det gjeld publikasjonar per vitenskapleg tilsett. Vi ser òg at publikasjonsmønsteret er meir allsidig og at fleire fagmiljø bidrar.



Våre to forskningssenter, Senter for idrettsskedeforskning og Forskningssenter for trening og prestasjon, er integrerte delar av verksemda. Begge sentra er støtta av Kulturdepartementet og einar behovet for relevant kunnskap med høg vitenskapleg kvalitet. Senter for idrettsskedeforskning er godt etablert og verdsledande innan sitt fagområde. Forskningssenter for trening og prestasjon vart etablert i 2009 og viser allereie svært god utvikling.

NIH ønskjer å vere ei tydeleg, idrettsfagleg stemme i det offentlege rom. Vi har ei takksam oppgåve fordi deler av feltet vårt får stor offentlig merksemd. Omdømmeundersøkingar i 2010 slår som i tidlegare år svært positivt ut og viser at NIH lukkast i stor grad med sine mål om å vere synleg, truverdig og relevant. Vi tar nye, sosiale mediar i bruk, og vi har intensivert arbeidet med å tydeleggjere kompetansen til kandidatane våre i samfunns- og arbeidsliv. Eg nyttar høvet til å vise NIH sine sider på facebook. Sjekk sidene for å sjå kva som skjer på NIH!

Undervising, forskning og formidling krev ressursar og god infrastruktur. Vår avgjerande ressurs er menneskeleg kompetanse. I 2010 gjennomførte vi ei omfattande arbeidsmiljøundersøking med nær 90 % oppslutning. Svært mange rapporterte trivsel, engasjement og stoltheit over arbeidsstaden sin. Sjukefråveret er lavt, rundt 3,5 %, som òg indikerar trivsel. I skrivande stund pågår det oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga i NIH sine seksjonar og avdelingar.

NIH er ein ung institusjon, men på eitt punkt er det faktisk slik at alderen tyngar. Våre vakre anlegg er i ferd med å verte nedslitt. Etter godt samarbeid med Kunnskapsdepartementet har Statsbygg i 2010 gjennomført prosjektering av ei storstilt rehabilitering. Prosjekteringa og kostnadsoverslaga er kvalitetssikra, og vi ventar no på politisk behandling. Vi ser fram til progresjon og eit rehabilitert anlegg til glede for både studentar, fagtilsette og idretten.







## Om Noregs idrettshøgskole

Som vitenskapleg høgskule har Noregs idrettshøgskole (NIH) eit særleg nasjonalt ansvar for forskning og utdanning i idrettsvitskap. Ved NIH forstår vi idrett i utvida tyding som ulike former for menneskeleg rørsleaktivitet; organisert idrett, kroppsøving, friluftsliv, leik, dans trening og mosjon.

NIH driv forskning basert på eit breitt spekter av disiplinær, fag og aktivitetorienterte tilnærmingar. Forskinga støttar NIH sine studieprogram som skal dekke samfunnet sitt behov for kompetanse innan feltet. Studieprogramma utdannar til arbeid innan skuleverk, helsevesen, offentleg forvaltning, privat og frivillig sektor og til forskning. NIH har vidare ansvar for formidling av relevant kunnskap til idretten og samfunnet for øvrig.

Alle NIH sine bygg og idrettsanleg er lokalisert ved Sognsvann, med Nordmarka som næraste nabo. Plasseringa skapar gode rammer for utøving av fysisk aktivitet i samband med studiar og forskning.

### Studier

Noregs idrettshøgskole har ei brei studieportefølje. Vi tilbyr tre grunnstudiar gjennom Samordna Opptak; 1. år bachelor i idrettsvitskap, Friluftsliv og Idrett og samfunn. NIH har i sitt 3-årige bachelorprogram fem ulike studieløp, og der 1. år bachelor er felles; Faglærautdanning i kroppsøving og

idrettsfag, Fysisk aktivitet og helse, Idrettsbiologi, Sport Management og Trenerrollen. NIH har òg fleire 1-årige studieprogram og eit breitt tilbod kroppsøving, friluftsliv, trenar-og leiarutdanning og Fitness.

På master i idrettsvitskap blir fagområda ført vidare gjennom 11 ulike fagemne. I tillegg har NIH eit masterprogram i idrettsfysioterapi, samt at vi er partner i tre felleseuropeiske masterprogram; innafor tilpassa fysisk aktivitet (Erasmus Mundus Master in Transcultural European Outdoor Studies) og fysisk aktivitet og helse (European Master in Health and Physical Activity).

NIH er ein attraktiv studiestad. Òg i 2010 var det mange og gode søkjarar til studiane, og det er positivt at høgskulen fylte nesten alle studieplassar på bachelor- og masternivå. Det var ei auke i registrerte, eigenfinansierte studentar på både bachelor og masternivå og på deltidsstudia. Vi må framleis halde fokus på den stadig sterkare nasjonale konkurransesituasjonen. I det vidare arbeidet med

### Hovudtal frå NIH si verksemd

	2006	2007	2008	2009	2010
<b>Tilsette, årsverk<sup>1</sup></b>					
• Tal årsverk	190,1	195,3	196,8	199,7	211,9
• kvinneandel	39,5%	40,9%	41,3%	41,3%	41,6%
<b>Omsetning, mill. kr</b>	163,1	163,6	187,1	209,4	211,9

<sup>1</sup> Fast og mellombels tilsette

Kjelde: Database for høgere utdanning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste

studentrekruttering og marknadsføring av studieprogramma har vi, med forankring i strategisk plan 2011-2015, særskilt fokus på å oppnå eit større mangfald i studentmassen, særleg fleire studentar med fleirkulturell bakgrunn og fleire kvinner på enkelte av studiane.

NIH leverte gode utdanningsresultat i 2010. Det er gledeleg at NIH si satsing på internasjonalisering av studieverksemda gir resultat. Det var ei stor auke i inn- og utreisande studentar i 2010. Aukinga av administrative ressursar har vore svært viktig for å stimulere og assistere fagseksjonane. Det er særleg fokus på å knytte høgskulen sitt omfattande internasjonale forskingssamarbeid opp mot studentmobilitet.

NIH ønskjer å styrke kvalitet og yrkesrelevans i våre studiar. Vi må òg i større grad kommunisere kandidatane sin kompetanse ut mot arbeidsmarknaden. Vi gjennomførte ei stor kandidatundersøking i 2010. Eit stort fleirtal av våre kandidatar meiner utdanninga ved NIH er relevant for det arbeidet dei gjer. Høgskulen sine evalueringar viser òg at studentane er optimistiske med tanke på å få jobb som er relatert til utdanninga. Fleire studentar får utdanningsrelevant arbeid allereie før dei er ferdig uteksaminert.

Revisjon av 1. års bachelor idrettsvitskap (1BA) har vore eit prioritert arbeid ved høgskulen i 2010. I prosessen har Styret gjort vedtak om å fjerne den fysiske opptaksprøven. Frå og med studieåret 2011-2012 vil NIH ta opp studentar til 1BA utan opptaksprøve.

NIH-studentane er generelt svært nøgde med å studere ved NIH. Det viste òg læringsmiljøundersøkinga vi gjennomførte hausten 2010. Studentane trekk fram det gode sosiale miljøet, høg fagkompetanse og gode treningsmoglegheiter som dei mest positive erfaringane.

NIH skårar høgt på dei fleste indikatorar i vårt kvalitetssikringssystem. Ansvar for studiekvalitet er tydeleg. Høgskulen har fokusert på å utvikle eit funksjonelt og styringsvennleg kvalitetssikringssystem. NIH har god gjennomstrøyming i studiane. Det er over 90 % samsvar mellom gjennomført studiepoeng i forhold til planlagt utdanningsplan. Studentane gjennomførte fleire studiepoeng i 2010 enn i 2009. Gjennomstrøyminga på master i idrettsvitskap er på 65 %, eit godt resultat samanlikna med gjennomstrøyming ved andre masterutdanningar.



Nokre nøkkeltal 2010	2009	2010	Auking
Primærøkarar, 1. år bachelor i idrettsvitenskap	577	579	0 %
Primærøkarar, kvinner, 1. år bachelor i idrettsvitenskap	183	178	- 2,7 %
Primærøkarar, totalt lågare grad (inkl. egne frå 1. til 2. år bachelor)	1335	1462	9,5 %
Registrerte studentar, 1. år bachelor i idrettsvitenskap	146	150	2,7 %
Kvinneandel registrerte studentar 1. år bachelor i idrettsvitenskap	33 %	32 %	- 1 %
Registrerte studentar lågare grad, totalt	597	635	6,4 %
Kvinneandel registrerte studentar lågare grad, totalt	41 %	40 %	- 1 %
Poenggrenser opptak 3-årig bachelor i idrettsvitenskap (ordinær kvote)	44,5	46	3,4 %
Primærøkarar, master i idrettsvitenskap	185	239	29,2 %
Registrerte studentar, master i idrettsvitenskap	171	185	8,2 %
Kvinneandel registrerte studentar, master i idrettsvitenskap	45,9 %	41 %	- 4,9 %
Ferdige kandidatar bachelor	100	128	28 %
Ferdige kandidatar praktisk-pedagogisk utdanning	28	26	- 7 %
Ferdige kandidatar master i idrettsvitenskap	49	63	28,6 %
Studiepoengproduksjon heiltid, eigenfinansierte 60-SPE*	631	705,9	11,9 %
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heltidsekivalent per år	47,9	49,8	4 %
Registrerte studentar deltid	439	560	27,6 %
Studiepoengproduksjon, deltid (eigenfinansierte 60-SPE)	19,9	36,1	81,4 %
Studiepoengproduksjon, deltid (eksternfinansierte 60-SPE)	166,3	188,3	13,2 %
Innreisande utvekslingsstudentar	18	29	61,1 %
Utreisande utvekslingsstudentar	4	13	225 %





## Forskning

Eit hovudmål i den strategiske planperioden 2006-2010 har vore å auke omfanget av FoU-arbeid med høg internasjonal kvalitet og relevans på prioriterte vitenskaplege fagområder. Med tanke på dette har høgskulen i dei seinare år gjennomført ei rekke tiltak sentralt og i fagseksjonane for å styrke forskingsaktiviteten.

Vi vurderer at tiltaka har hatt ein positiv effekt som kan lesast i ei kontinuerleg auke i forskingsproduksjonen i perioden. Det har aldri før blitt produsert så mange vitenskaplege artiklar med forskarar frå NIH som forfattarar eller medforfattarar som i 2010.

	2008	2009	2010
Tal vitenskaplege publikasjonar	97	135	161
• Nivå 1	66	105	118
• Nivå 2	31	30	43
Tidsskriftartiklar	88	112	132
Antologiartiklar	9	23	29

NIH er framleis mellom dei institusjonane i universitets- og høgskulesektoren som produserer flest vitenskaplege artiklar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling.

Høgskulen har eit omfattande internasjonalt forskingssamarbeid. Mange av forskarane deltar i internasjonale fora i form av komitear, grupper og/eller meir eller mindre uformelle nettverk. Høgskulen har dessutan formelt samarbeid med ei rekke nordiske og øvrige europeiske universitet som mellom anna fag- og studieplanutvikling. Utveksling og forskingsprosjekt er knytt til ei rekke utanlandske universitet gjennom tilsetting av professor II. I tillegg har NIH gjennom sine kommersialiseringsprosjekt internasjonalt samarbeid med mellom anna USA og Japan.

Sidan 2001 har det vore ei dobling av tal kandidatar i doktorgradsprogrammet. Per i dag er det meir enn 70 doktorgrads-



studentar opptatt på NIH, kor av ca halvdel er eigenfinansierte stipendiatstillingar.

Elleve kandidatar har avlagt doktorgraden ved NIH i 2010. Det er ei vesentleg auke samanlikna med tidlegare år, noko som òg framgår av tal uteksaminserte doktorgradskandidatar per undervisings-, forskings- og formidlingsstilling. NIH er her mellom dei beste i sektoren – berre Universitetet i Oslo oppnådde eit betre resultat i 2010.

Samla omsetning på oppdrags- og bidragsprosjekt i 2010 var 18 millionar kroner.

### Fagleg fokus

Inndelinga i fem fagseksjonar viser NIH si faglege breidde. Som spesialuniversitet skal vi dekke heile det idrettsfaglege feltet. Seksjonane har følgjande faglege fokus:

- Seksjon for fysisk prestasjonsevne studerer avgjerande faktorar for fysisk prestasjonsevne og effekt av trening. Seksjonen har eit særleg ansvar for studiar i idrettsbiologi og for forskning innan trening og prestasjonsutvikling.
- Seksjon for coaching og psykologi har hovudretningane mestringspsykologi og helsepsykologi. Seksjonen har ansvar for trenarutdanninga på NIH og bidrar innan forskning på trening og prestasjonsutvikling og innan fysisk aktivitet og helse.
- Seksjon for kroppsoving og pedagogikk har ansvar for utdanning av kroppsovingslærarar, spesialpedagogar i tilpassa fysisk aktivitet og vegleiarar i friluftsliv. Pedagogikk er det sentrale området. Friluftsliv, leik og dans er tyngdepunkta på aktivitetssida. Seksjonen blir viktig i NIH si satsing på forskning på kroppsoving og fysisk aktivitet i skulekvardagen.
- Seksjon for idrettsmedisinske fag studerar korleis fysisk aktivitet kan bidra til utvikling av fysisk og psykisk helse, førebygge sjukdom og auke livskvalitet hos menneske med ulike typar lidningar. Seksjonen er ansvarleg for studieprogram i fysisk aktivitet og helse. Forskinga fokuserer på førebygging av idrettskader; kvinner, trening og helse;

fysisk aktivitet og helse; overvåking av fysisk aktivitet og fysisk form; og aktiv rehabilitering av muskel-/skjelettlidningar.

- Seksjon for kultur og samfunn har sitt faglege tyngdepunkt innan idretts sosiologi, idretts historie, idretts filosofi og sport management. Seksjonen driv undervising og forskning ut frå samfunnsvitskapelege og humanistiske perspektiv. Her ligg ansvaret for sports management utdanninga, og forskinga fokuserer mellom anna på idrett og identitet, idrett og kjønn, idrett og leing og idrett og verdier.

### Formidling og populærvitskapeleg verksemd

NIH er eit nasjonalt knutepunkt for idrettsfagleg ekspertise med ansvar for å samle, utvikle og formidle relevant kompetanse og erfaring til samfunnet.

Høgskulen ønskjer å ha ei tydeleg og uttalt samfunnsrolle og ein offensiv kommunikasjon mot våre interessantar.

NIH publiserer jevnleg nytt om forskning og forskingsresultat på nettsidene sine. Nyhetsbrevet vårt blir jevnleg sendt ut til nesten 3000 abonnentar. Høgskulen er medlem av forskning.no, der vi publiserer forskingsstoff. Vi arbeider aktivt mot media og fagpresse for å få omtale av forskingsprosjekt og forskingsresultat.

Via sosiale mediar prøver vi å kommunisere meir uformelt med mellom anna potensielle søkarar, tidlegare studentar og generelt idrettsinteresserte.

NIH sitt bibliotek er landets største idrettsbibliotek. Boksamlinga har primært idrettsfaglege emne og et utlån på vel 18 00 i året. Søk i databasar auka med 28 % i 2010 og nedlasting av artiklar auka med 53 %. Per 31.12.2010 var det i vårt institusjonelle arkiv Brage lagt inn 68 % av NIH sine vitskapelege artiklar frå 2009. Det er den høgste andel i universitets- og høgskulesektoren.

Biblioteket er tilrettelagt med i alt 156 ulike kvile- og arbeidsplassar for enkeltpersonar og grupper. Det er stor aktivitet i biblioteket sine lokaler, og studentane nyttar biblioteket òg som samarbeids- og møtestad.

# Økonomisk stilling

NIH er i hovudsak finansiert av statleg grunnløyve. I tillegg mottar høgskulen enkelte øymerka offentlege tildelingar, kursavgifter til delvis inndecking av kostnader i samband med høgskulen sin etter- og vidareutdanningsaktivitetar, leigeinntekter frå eksterne brukarar av høgskulen sine anlegg, samt inntekter frå eksterne oppdragsgivarar for forskings- og utreiingsoppdrag NIH påtar seg.

Av balansen framgår verdien av høgskulen sine eigedelar, verksemdskapital og gjeld. Anleggsmidlar og immaterielle eigedelar med verdi over 30 000 kr og varighet på minimum tre år er aktivert i balansen og vert avskriven over eigedelen si ventelege levetid.

NIH har i 2010 gjennomført statsoppdraget på ein god og sikker måte, samstundes som planlagde investeringar er gjennomført.

Resultat	31-12-2010	31.12.2009
Inntekt frå løyvingar	176 363	170 711
Tilskot og overføringar frå andre	20 973	22 360
Gevinst ved salg av eigedom, anlegg og maskinar	0	0
Sals- og leigeinntekter	14 550	16 313
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>211 886</b>	<b>209 384</b>
Løn og sosiale kostnader	138 760	129 441
Andre driftskostnader	53 827	55 253
Avskrivningar	18 751	18 490
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>211 338</b>	<b>203 184</b>
Ordinært driftsresultat	548	6 200
<b>Sum finansinntekter og finanskostnader</b>	<b>-3</b>	<b>207</b>
Resultat av ordinære aktivitetar	545	6 407
<b>Sum avrekningar</b>	<b>-491</b>	<b>-6 114</b>
<b>Resultat for perioden</b>	<b>54</b>	<b>293</b>
Tilført annan opptjent verksemdskapital	54	293
<b>Sum disponeringar</b>	<b>54</b>	<b>293</b>

Balanse	31.12. 2009	31.12.2008
<b>EIGEDELER</b>		
Sum immaterielle egedeler	755	1 157
Bygningar, tomtar og annen fast eigedom	388 886	401 848
Maskinar og transportmiddel	1 702	1 916
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	16 615	16 534
Sum varige driftsmiddel	407 203	420 298
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>407 958</b>	<b>421 455</b>
Sum fordringar	6 818	7 956
Sum kasse og bank	58 571	50 372
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>65 389</b>	<b>58 328</b>
<b>Sum egedeler</b>	<b>473 347</b>	<b>479 783</b>

Resultat	31.12. 2009	31.12.2008
<b>VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Sum verksemdskapital</b>	<b>6 413</b>	<b>6 410</b>
Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel	407 885	420 867
Sum avsetjing for langsiktige forpliktingar	407 885	420 867
Sum anna langsiktig gjeld	75	588
Sum kortsiktig gjeld	36 785	31 886
Avsetning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	18 459	17 917
Ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag (nettobudsjetterte)	3 730	2 115
Sum avrekningar	22 189	20 032
<b>Sum gjeld</b>	<b>466 934</b>	<b>473 373</b>
<b>Sum verksemdskapital og gjeld</b>	<b>473 347</b>	<b>479 783</b>





# HELSE, MILJØ OG SIKKERHET

**I 2010 er det systematiske HMS arbeidet ved NIH vidareført. Dette gjeld både sentralt og ved dei ulike einingane. Vi arbeider målretta med oppgåver mot dei HMS-utfordringar høgskulen måtte ha.**

Sjuefråveret hadde ein nedgang frå 2009 til 2010 på 1,18 prosenpoteng, frå 4.68 % i 2009 til 3,5 % i 2010. Nedgangen skuldast i hovudsak reduksjon i legemeldt fråvere.

Høgskulen gjennomførte i mars 2010 ei intervjubasert arbeidsmiljøundersøking med ei deltakingsprosent på 87,3. Samtlege seksjonar og avdelingar har utarbeidd planar for oppfølging av konkrete funn i undersøkinga og fleire seksjonar og avdelingar har òg gjennomført egne samlingar med fokus på HMS og arbeidsmiljøundersøkinga.

Høgskulen innførte i 2009 ei ny elektronisk HMS håndbok med tilhørande elektronisk avvikssystem. HMS håndboka fungerer som oppslagsverk for alle tilsette ved høgskulen.

Gjennom avvikssystemet blir samtlege innrapporterte avvik loggført og saksbehandla. Det vart meldt inn 83 avvikssaker i 2010, derav 18 avvik var personalskader. Avvikssystemet er òg NIH sin varslingskanal.

Samtlege leiarar med personalansvar ved NIH gjennomførte HMS-kurs for leiarar i 2009. Nytilsette leiarar med personalansvar får fortløpande tilbod om å gjennomføre eit slikt kurs. Det blir rapportert at kvar enkeltseksjon og avdeling har hatt HMS som eige tema på avdelings- og fagseksjonsmøter i 2010. Leiarar frå dei ulike einingane rapporterte at det blir arbeidd systematisk med tiltak for å betra eige arbeidsmiljø og handtere dei HMS-utfordringar eininga måtte ha.

## Ytre miljø

NIH si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet ut over det som må ventast. Det er teke omsyn til miljøet som ein integrert del av drift og undervisning ved høgskulen.

Grønt NIH legg vekt på innkjøp (miljøprodukt), avfall og energi. Energibruken dei siste åra er vesentleg redusert grunna effektive ENØK-tiltak. Dette arbeidet held stadig fram. Driftsavfallet blir sortert i alle fraksjonar og vi har rimeleg god kontroll på sorteringa sjølv om vi manglar eigna lokale for ei maksimal løysing. Eit hovudfokus framover vil vere krav til miljømerka produkt og rammeavtalar med miljøfokus.

Høgskulen starta i 2010 opp eit prosjekt i samarbeid med Undervisningsbygg for å etablere eit ”nærvarmeanlegg” på tomta til høgskulen. Hafslund har ikkje sett det lønnsamt å levere fjernvarme til bygningane på Kringsjø/Sognsvann. Vi ønskjer difor å få ein profesjonell aktør til å drive eit anlegg basert på fornybar energi som i første omgang skal levere varme til kommunen sine skular i nærområdet og NIH, men som òg skal kunne levere til andre aktuelle kundar i området.

## Anlegg

NIH vart etablert med første byggetrinn i 1966. Siste byggetrinn vart gjennomført i 2007 og tatt i bruk i januar 2008. Totalt utgjør no bygd areal 34 797 m<sup>2</sup>. Tomta er på 144 mål kor av 19 500 m<sup>2</sup> er bygd og 96 mål er idrettsanlegg og park. NIH forvaltar sin eigen eigedomsmasse.

NIH sine bygg og anlegg er primært nytta til undervisning og forskning. NIH-studiane sin faglege profil, med stort innslag av aktivitetfag innan mange idrettar, krevjer store areal og varierte anlegg. Omlegging av studiar i tråd med kvalitetsreformen har styrka kravet til funksjonelle anlegg ytterlegare. NIH har store utfordringar knytt til bygningsmassen med eit synleggjort vedlikeholdsetterslep på over 200 mill kr (2006). Statsbygg har på vegne av Kunnskapsdepartementet gjort ferdig forprosjektering av ei totalrehabilitering av

Sentralbygget, Svømmehallen og Gymbygga (alle bygd på 60-talet). Rehabiliteringane er budsjettert til over 600 mill kr og vi har store forventningar til oppstartsløyve i 2012. Ei slik total rehabilitering vil gje betre inn klima for tilsette og studentar, og sparar drifts- og energikostnader, òg knytt til utskifting av tekniske installasjonar som i dag har store avvik. Ikkje minst vil vi kunne tilpasse arealet til bygningane til noverande og framtidig undervising og forskning. Vi ser mellom anna høve til å få til ei etterlengta utviding av kantina, ytterlegare utviding av kontor, eige lager for plasskrevjande utstyr for friluftundervisinga, utvida treningssenter med dagslys og eige bygg for kjeldesortering av avfall.

Bygningsmassen som blir planlagt rehabilitert har høge arkitektoniske kvalitetar. Riksantikvaren planlegg å frede svømmehallens interiør og fasadar og verne øvrige fasadar.

Delar av høgskulen sine parkanlegg fekk vernestatus i ny reguleringsplan. Saman med store utfordringar knytt til universelt tilgjenge skapar dette både ein krevjande og kostbar planleggings- og byggeprosess.

I 2010 vedtok bystyret ein ny reguleringsplan for eigedomen som gir store muligheter for utviding av både idrettsanlegg og kontor. Avhengig av utforming på bygga, kan eigedomen utvidast med omlag 70 000 m<sup>2</sup>.



I samarbeid med idrettens organ er det etablert eit prosjekt (Campus Sognsvann) som har starta utreiing av dei muligheter ny reguleringsplan har gjeve. Ei utbygging vil kunne bli eit nasjonalt treningssenter for idretten og skape store synergiar mellom høgskulen og idretten.



# Styre og leiing ved NIH

## Styret

<i>Rektor og styreleiar</i>	Sigmund Loland Professor
<i>Vitskapleg tilsette</i>	Mari Kristin Sisjord Førsteamanuensis  Egil Johansen Høgskulelektor  Per Midthaugen Stipendiat
<i>Teknisk administrativt tilsette</i>	Tom Atle Bakke Rådgivar
<i>Studentar</i>	Henriette Berg Nordmoen  Tor-Inge Gløppen
<i>Eksterne medlemmer</i>	Niels R. Kiær (Partner, Advokatfirmaet Rime & Co)  Per Nilsson (Generaldirektør, Ungdomsstyrelsen i Sverige)  Wenche Nystad (Seniorforskar, Folkehelseinstituttet)  Tove Strand (Direktør, Ullevål universitetssjukehus)





Noregs idrettshøgskole | Sognsveien 220 | 0863 Oslo  
Telefon: +47 23 26 20 00 | Fax: 22 23 42 20 | [www.nih.no](http://www.nih.no)